



I eit lesarinnlegg i Kvinnheringen blir det opplyst at det har gått føre seg kantslått klokka 0030 natt til sist torsdag langs fylkesvegen og tett innpå boligfeltet øverst på Syne på Korsnes.

Maskinen var berre 10-15 meter frå soveromma, vert det opplyst.

Innlegget er skreve av 'ein av dei som mistet nattesøvnen' og vedkommande opplyser at klippinga gjekk føre seg i ein heil time og då hadde den øydelagt nattesøvnen for dei fleste i området.

Oppsittaren meiner det er ei gjengs meining i eit byggjefelt at arbeid som bråkar bør slutta av i 9-10-tida om kvelden. Vedkommande undrar på kva om hadde skjedd hvis han eller ho hadde starta grasklyppar og slege plenen godt over midnatt.

- Jeg hadde vel fått politiet på døra ganske snart. Håper denne missen fra de ansvarlige er et engangstifelle. Det må da gå an å legge slikt arbeid til dag/kveldstid, skriv oppsittaren, som minnar om at nokon skal på jobben dagen etter.